



Tilknytta organisasjoner;

Molde kommune

Molde, 22. jan. 2024

Dette brevet sendes på vegne av Norges Jeger- og Fiskerforbund Møre og Romsdal, Naturvernforbundet i Møre og Romsdal, Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal, Sunnmøre Friluftsråd, fylkets tre turistforeningar, fylkets 4 speidargrupper og 4 H Møre og Romsdal.

Retiroskogen – sikring til rekreasjon

Vi les i RB at planene for Lubbenes/Retiro-området skal opp i Hovedutvalg for teknisk, plan, næring og miljø 23.01.2024. Vi leita på kommunens nettside etter saksframlegget og finn ikkje dette – det nærmaste er punkt 3 i orienteringssaker. I RB les vi; "Fagleder i planavdelingen i Molde kommune, Bjørn Gregull, vil ikke si noe til Romsdals Budstikke på nåværende tidspunkt om hvordan de vil gå videre med arbeidet. Han opplyser at de vil orientere politikerne i Hovedutvalg for teknisk, plan, næring og miljø om status i møtet de skal ha kommende tirsdag. Vi mener at rekkefølgen her må være politikerne først, skriver han i en epost til Romsdals Budstikke. «

Det ålmenne engasjementet for å ta vare på Retiroskogen er stort. Vi var ein av fleire som meldte inn synspunkt i den retninga når reguleringsplana for Retiroskogen var til høyring. I vår uttale av 11.11.2021 og 07.12.2022 sa vi at Retiroskogen er verdifull både utfrå omsynet til natur, friluftsliv og kultur og at kommunen må sikre skogen mot utbygging ein gong for alle med å sikre den som friluftsområde.

Vi saknar at kommunen i sitt saksframlegg i denne saka informerer ålmenta/politikarane om korleis ein alternativt til utbyggingsplanane kan sikre Retiroskogen som friluftsområde. Vi vil med dette prøve å kortfatta å gjere det for politikarane i Molde kommune:



Samarbeidsnettverk mellom natur- og friluftslivsorganisasjoner
moreogromsdal@fnf-nett.no | Idrettsvegen 2, 6413 Molde | tlf 46 43 14 27
organisasjonsnummer 916 451 954 | www.fnf-nett.no/moreogromsdal



Det er satt av statsmidlar til å sikre verdifulle friluftsområder for folket ved ein eigen statspost (kap. 1420 post 30). «*Statlig sikring innebærer at det offentlige kjøper eller inngår avtaler om varig bruksrett for arealer som kan brukes av allmennheten til friluftsliv. Kommune/friluftsråd kan søke støtte til kjøp/bruksavtale og nødvendig istandsetting av bl.a. friluftslivsområder og turveier.*» Det kan gis statleg støtte til;

1. Utgifter til kjøp av, eller avtale om varig bruksrett (servituttavtale) til, areal som søker sikra som friluftslivsområder for ålmenta
2. Sikringskostnader som utgifter til kart og oppmåling, tinglysingsgebyr, dokumentavgift, eventuell advokatbistand, rettsleg skjøn med meir.
3. Grunnleggande istandsetting (adkomst, parkering med meir) av området, slik at det raskt kan takast i bruk

Denne statlege sikringa syt difor ikkje berre for å sikre sjølve arealet mot inngrep, men har også i seg midlar til å opparbeide og skjøtte eigedomen. Tilskotsordning har også i seg at den også kan dekke bruk av advokat som ein av sikringskostnadene i sikringssaker hvor det krevst vanskelege juridiske avklaringar. I Molde kommune er det mange område som allereide er sikra for framtida til beste for folket på denne måten; Moldeholmane, Moldemarka, Kringstadbukta, Hoelmarka og fleire andre. Sjå detaljane om tilskotsordninga på nettsida <https://soknadssenter.miljodirektoratet.no/SikringAvFriluftslivsomr%C3%A5derSkjema/Startside/Index?id=8>.

Halvparten av Retiroskogen har allereide Molde kommune sikra ved å kjøpe eigedomen. Denne sikringa kosta kommunen kr 6 mill kroner – noko som kunne vore finansiert ved statlege midlar. Så har vi det faktum at eigar av den andre halvdelen av Retiroskogen opnar opp for å avhende sin eigedom til ålmenta til føremål rekreasjon/friluftsliv. Kva er det som hindrer Molde kommune i å prøve denne vegen for å sikre Retiroskogen ? Vi ber om at politikarane i Molde kommune vurderer også denne moglegheita før ein kjem til ein konklusjon.

Helsing

Forum For Natur og Friluftsliv Møre og Romsdal

Ingbjørn Bredeli

Fylkeskoordinator

FNF Møre og Romsdal